



## Månadsbrev mars 2021

Februar er kort, og så var det plutselig vinterferie... Både 5. og 6. klasse har fått gjennomført **foreldremøte**, med god avstand, og **elevrådet** har imponert einingsleiar skule ved å ha mange gode tankar og saker oppe på møtet ho var med på. **Abeldagen** 19. februar vart kjekk, med god lønsj i gymsalen først, før tre aktive timar med ulike matematiske aktivitetar. Det veksla mellom sjakk, programmering, geometriske snømenn og matte-natursti. Før lønsj hadde 1. klasse feira **100 dagar på skulen** med popkorn og smudi laga av 2. klasse. Vått har det blitt, men **alpindagen** i Ådneram skitrek rett før me tok vinterferien, blei òg veldig kjekk.

Mars blir ikkje så mykje lengre, med vinterferie i byrjinga og påskeferie i slutten. Elevrådet får tid til eit møte 11. mars, men SMU- og SU-møtet er utsett til 8. april. Nå er i alle fall endeleg referata frå dei to siste møta lagde ut.

Det vert **sjakkturnering** for mellomtrinnslevane i matfriminuttet fire dagar i veka framover for dei som har meldt seg på. Andre gler seg over snøfri asfalt og er klar for **dødball**.

1.-2. klasse er med på høgtlesingshistoria "Sulten på skrekk" av forfattar Bjørn Arild Ermland. Det kjem eitt kapittel kvar veke, der elevane kan gje tilbakemelding på kva som kan skje vidare i historia. "Sulten på skrekk" er ikke en spøkeshistorie, men er likevel en fortelling om et spøkelse. Dette spøkelset bor på en leirskole og er ganske lei av å skremme ungdommene som kommer på besøk. En dag kommer det heldigvis en gjeng med barneskoleelever til leirskolen som spøkelset vil bli bedre kjent med. Men kan spøkelser og barn bli venner?  
<https://leseskogen.no/hoytlesingshistorie-mars-2021/om-tiltaket/>

Det meste skjer i veke 12, ser det ut for. Det vert foreldrekonferansar på alle trinn. Småskuletrinnet har påskeverkstad siste dag før påske, og 7. klasse arrangerer karneval for heile skulen dei to siste timane denne dagen. I tillegg satsar me på **skiaktivitetsdag** ein dag.

Arbeidet på nybygget går framover og godt etter planen, og det ser veldig fint ut.

**Med ynskje om ein flott mars månad, og så vonar me på litt meir snø til påskeferien så den òg blir strålande!**

Sinnes 09.03.21, Åse-Berit

